



Høgskolen i Hedmark

LUNA

1 GLU 5-10, emne 3: Språkleg fordjuping – hausten 2016 (ny prøve)

*Målform: nynorsk*

## **Eksamen (5 timar)**

**23. september 2016, kl. 09.00-14.00**

Oppgavesettet består av tre delar (A, B, C) med spørsmål frå ulike delar av pensumet for emne 3, Språkleg fordjuping, slik det er spesifisert i studieplanen. Du skal svare på to sjølvvalde oppgåvedelar og på minst 4 av dei 5 delspørsmåla under kvar del. Begge oppgavesvara skal vere på nynorsk. Begge oppgåvedelane må vurderast til bestått.

### **Hjelpemiddel:**

Norsk-norsk ordliste/ordbok (utan egne merknader/markeringar)

### **A Fonologi og morfologi**

- 1) Forklar forholdet mellom alfabetet og fonemsystemet i norsk! Bruk fagterminologi!
- 2) Forklar forskjellen mellom lydar som [i] og [t]! Bruk fagterminologi!
- 3) Forklar kort forskjellen mellom fonologi, morfologi og syntaks!
- 4) Forklar kva slags kriterium ein bruker for å setje t.d. orda *lese*, *lesing* og *leseleg* i ulike ordklasser!
- 5) Lag eit ord som er ei samansetjing, og som inneheld både rotmorfem, avleiingsmorfem og bøyingsmorfem, og forklar kva som er kva!

### **B Syntaks og tekstlære**

- 1) Forklar forskjellen mellom subjekt og objekt i ei setning! Bruk fagterminologi!
- 2) Forklar korfor ein kan bruke eit såkalla setningsskjema (feltskjema) i analysen av norske setningar!
- 3) Forklar fagtermane V2 og SVO!
- 4) Forklar korfor ein skil mellom termene verb og verbal eller adverb og adverbial!
- 5) Lag tre setningar der du illustrerer forskjellen mellom ekspressiv, referensiell og mellommenneskeleg funksjon!

### **C Språkhistorie og dialektologi**

- 1) Forklar kort korleis gammalnorsk utvikla seg til moderne norsk!
- 2) Forklar korfor og når ein kan bruke termen «dansk-norsk»!
- 3) Forklar kort forholdet mellom bokmål og nynorsk!
- 4) Forklar kort kva språknormering er!
- 5) Forklar korleis ein kan lage ei grov inndeling av dei norske dialektene ved å bruke visse målmerke.